
Saksnr: 2021/20307-1
Saksbehandlar: Matti Torgersen
Dato: 27.08.2021

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Avdelingsdirektør for infrastruktur og veg

Kollektivknutepunkt Leirvik

Vestland fylkeskommune har i samarbeid med Stord kommune utarbeidd eit forprosjekt for ein ny kollektivterminal i Leirvik. Forprosjektrapporten følgjer vedlagt.

Avdelingsdirektør for mobilitet og kollektiv og avdelingsdirektør for infrastruktur veg har saman med rådmann og ordførar på Stord vore styringsgruppe for arbeidet. Det er Rambøll Norge AS som har utarbeidd forprosjektet.

Den geografiske avgrensinga for forprosjektet er arealet som er regulert til kollektivføremål langs fv. 544 som går i gjennom Leirvik sentrum. Etter at reguleringsplanen blei vedtatt har det kome innspel om å etablere eit parkeringsanlegg med noko næringsareal over bussterminalen.

Sentralt i forprosjektet er å gjere nærare vurderingar av om det er ønskjeleg å bygge eit parkeringsanlegg over bussterminalen eller ikkje. Forprosjektet har synt at dette er mogleg å få til utan at dette går utover tilhøva til bussane og dei kollektivreisande i nemneverdig grad. I forprosjektet er det lagt til grunn at kommunen er ansvarleg for parkeringsanlegget og fylkeskommunen for bussterminalen.

Formannskapet på Stord gjorde slikt vedtak 9. juni 2021 for forstudiet

1. Formannskapet tek forstudie for Leirvik kollektivterminal til vitande. Formannskapet meiner tilrådinga for Leirvik kollektivterminal framstår som ei god løysing både for kollektivtrafikken og for Leirvik sentrum.
2. Formannskapet ber rådmannen utarbeida ei trafikkanalyse for Leirvik sentrum slik det går fram for saksutgreiinga. Når denne ligg føre ber ein om at rådmannen fremjar ei sak for kommunestyret med sikte på å få avklara om Stord kommune skal inngå i eit samarbeid med Vestland fylkeskommune for å realisera eit parkeringsanlegg og eit eventuelt næringsareal/kontorbygg i tilknytning til kollektivterminalen.
3. Kostnadene med trafikkanalyse skal finansierast over løyvinga til prosjekt 1125 Forstudie underjordisk parkeringsanlegg.

Det blir lagt opp til at Stord kommune må avklare om det er ønskjeleg å etablere eit parkeringsanlegg med næring over bussterminalen før ein går vidare med å detaljere prosjektet. Eit parkeringsanlegg er ikkje ein del av gjeldande reguleringsplan, og det kan ta noko tid å få det planavklart. Som det går fram av vedtaket, vil kommunen først gjennomføre ei trafikkanalyse for Leirvik sentrum før kommunen tek stilling til eit samarbeid med Vestland fylkeskommune. Avdelingsdirektør for mobilitet og kollektiv og avdelingsdirektør for infrastruktur veg vil avvente vidare initiativ frå kommunen før ein tar stilling til vidare prosess for realisering av ein ny kollektivterminal i Leirvik.

Vedlegg: Leirvik kollektivterminal. En forstudie